


bokLEK

FOR ALLE SKULESTARTARANE I TELEMARK






«ALLE SAMAN TEL»
*Vi ønsker alle
skulestartarar velkomne
til eit møte med Kristin
Roskifte.*

Alle barna som går siste året i barnehagen, blir invitert til folkebiblioteket for å møte forfattaren eller ein formidlar.

Boklek-forfattar i Telemark i 2025, er Kristin Roskifte. Ho reiser saman med Kristine Haugland og Marianne Sundal rundt til alle folkebibliotek i Telemark for å formidle biletboka «Alle saman tel». Dette er ein moderne norsk klassikar og ei annleis leite og telle-bok. Bak alle tala gøymar det seg menneske med ulik bakgrunn og historier.

LEIK MED BOKA!

Bøkene til Roskifte kan lånast på ditt lokale folkebibliotek. Alle barnehagar som deltek, får eit eksemplar av boka. Vi oppfordrar barnehagane til å gå inn på boklek.no for nyheiter, tips og idear til aktivitetar til «Alle saman tel». Aktivitetane kan gjennomførast i barnehagen og heime før og etter besøket på biblioteket.



ÅRETS FORMIDLARAR!



KRISTIN ROSKIFTE er illustratør og forfatter. Ho har laga fleire biletbøker og bidrege med illustrasjonar til fleire andre bøker. «Alle saman tel» vann Nordisk Råds Litteraturpris for barn og unge i 2019. Den er omsett til nærare 50 språk, og er ein av dei norske barnebøkene som har reist lengst ut i verda!



MARIANNE SUNDAL er forteljar og har lang erfaring med fortellingar, framsyningar og kurs. Sundal har jobba mykje med elevar og lærarar. Ho lagar også eigne framsyningar.



KRISTINE HAUGLAND har jobba som forteljar sidan 2003. Med forskjellige solo- og samarbeidsprosjekt har Haugland turnert og spela for tusenvis av barn, unge og vaksne.

BOOKLEK STARTA I 2014 og er eit samarbeid mellom Norsk Litteraturfestival og Innlandet fylkesbibliotek. Frå 2024 blei Boklek utvida til Rogaland og Telemark i samarbeid med fylkesbiblioteka. Målet er å skape positive litteraturopplevingar gjennom formidling, høgtlesing og fortelling, og ved å lytte, teikne, dikte og skape.

MEIR INFORMASJON PÅ BOKLEK.NO.

NORSK BOK OG UNDERSØKINGEN LILLEHAMNER
LITTERATURFESTIVAL
02. – 08. JUNI 2025



Telemark
FYLKESKOMMUNE

